



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Petter Øgar
Telefon: 57 65 55 01
E-post: pog@fmsf.no

Vår dato
22.09.2009
Dykkar dato

Vår referanse
2009/2970 - 733.0
Dykkar referanse

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Endring i kommunehelsetenestelova - eit verdig tenestetilbod - høyring

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane syner til høyringsnotat dagsett 29.06.2009.

Eldreomsorga står overfor sær store og samansette utfordringar i åra som kjem, slik det er skildra i Omsorgsplan 2015. I ein slik situasjon er det viktig å skape realistiske rettar og forventningar hjå brukarane og befolkninga elles, med tilsvarende klare pliktar for dei som skal yte tenestene. Verdigheit må vere ein heilt sentral verdi i utforminga av eldreomsorga, men framlegget til endringar i kommunehelsetenestelova og ny forskrift om ei verdig eldreomsorg, står ikkje fram som eit føremålstenleg verkemiddel for å oppnå dette.

Som det står i høyringsnotatet, kan kravet til eit verdig tenestetilbod allereie i dag tolkast inn i gjeldande lovverk. Å hevde at framlegget til forskrift gir presise føringar for kva ei verdig eldreomsorg er, er etter Fylkesmannen sitt syn å ta vel hardt i. Det blir ikkje lett å operasjonalisere forskrifta sine formuleringar i ein tilsynssituasjon eller ved handsaming av rettighetsklager. Dette vert tydeleggjort når ein held forskrifta sine formuleringar saman med lovtolkinga departementet gir av nødvendig helsehjelp på side 10 i høyringsnotatet:

Innenfor rammene av khl. § 1-3 er det "nødvendig" helsehjelp som kan kreves etter khl § 2-1. Hva som til enhver tid er nødvendig helsehjelp må avgjøres konkret i det enkelte tilfelle og vil bero på medisinsk skjønn. Når det gjelder omfanget av begrepet "nødvendig helsehjelp" fremgår det av lovens forarbeider at kommunens plikt til å yte nødvendig helsehjelp vil være avgrenset til det som økonomi, tilgang på helsepersonell og utstyr gjør mulig. Det understrekes at det ikke er meningen med bestemmelsen å pålegge kommunene en urimelig og urealistisk forpliktelse. Dog må man forutsette at det finnes en minstestandard som en kommune ikke kan gå under. Fastleggningen av standarden må overlates til praksis, og sees på bakgrunn av den økonomiske situasjonen i helsesektoren generelt, og i den enkelte kommune spesielt, slik den til enhver tid fortøner seg.

Samla sett er Fylkesmannen redd lovendringane og framlegget til ny forskrift skapar urealistiske forventningar. Det må også strekast under at verdigheit ikkje berre er eit spørsmål om tenestene sitt innhald, men og om korleis dei vert ytt.

Med helsing

Petter Øgar
fylkeslege

Hovudkontor
Njøsavøgen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 05
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj